

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Trisfj. og Vistdal

Emne: Brynet

Bygdelag: Vistdal sokn

Oppskr. av: Endre E. Stranden

Gard: Stranden

(adresse): Mittet

G.nr. 62 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A.  
1. Det vanlege ord er Bryne. Når mann kvasser ljæn med brynet so segjer mann: Eg kvater ljæn. Då set. tes enden av ljæsorvet godt med mot jorda - legg venstre handa over bakken på ljæn, so ljæspissen peikar framover fører brynet med hurtighed attover på ljæn - avvekslande ein gong på kvar side av ljæn, byrjar bakrest på ljæn og held ved med dette framover til spissen av ljæn. Dette gjentages ein gong til - å so er ljæn "kvata".

Er ljæn ütksjimt so legg man ljæ. en over knæet og gnurar ljæegga på begge sidar - då segjer mann at man bryner" ljæn. Etterpå kvater man den.

"Eg hev også bruka hein, men det passar berre der at ein ikkje kjem ned i sand - eller traffer stein med ljæn, for heina er finare og gjer ikkje slik egg som brynet.

2. Før bruktes bryne av naturstein.

2.

Slik brynestein finnes ikkje her i byg-  
da. Brynene kom særleg frå Langøya  
ved Kristiansund f. og kaldtes Lang-  
øybryne. Steinene kom vistnok frå Gud-  
brandsdal og kaldtes då Oplandsbryne.  
Bryne av kunststein - karborandum -  
bryne eg å bruka til å kvasse ljær  
med umlag 1914. No kunne eg slå dob-  
belt so snart som før.

3. Ljær hev vorte slipt på ründgangar.  
de slipessteinar - so lange segri gjeng.  
Ljær vert slipa til kvart mülled og  
sidan kvata, når mann kom på slåt-  
tateigen. Or der vereint s. l. d. omkring  
husa og rundt tünnet, slipa eg so snart  
det strengs - for det løner seg ikkje å  
halda på med okvass ljær.  
Andre eggjærn vert også først slipa -  
sidan heina med ei fin hein.

4. Folk kan ikkje huske annet enn at  
der hev vort bruka slipestein som  
gjeng rundt. På den slipes også sig-  
der - stultarv (små ljær) knivar,  
høvelborger, tappjærn m. m.

5. Eg hev ikkje høyrd om nokkon slik  
stein som lag stille, annet enn at  
når me kjøpte Langøybryne, var disse  
rätt tilhugget, da gjekk me bort på  
ein høvelig stor stein og gruva bry-  
net, til det vart slett og fint.  
Slipessteinen står heime på tünnet.

Den står på ei rane av tre - og lil  
lager har her på garden voret brüka  
frå 1880 tvo små järntrinsar på kvar  
side av slipe steinen - då kan du bru  
steinen gjeng lett. Nokkon annan her  
i bygda hev ikkje soore lager, brukar  
lager beve av tre - ask eller anna tre.  
Små slipe steinar brukis på setervollane  
og i utmarks slåt, der ein ikkje gjeng  
heim til kvart måltid.

6. Eg sliper ljæn for kvar "okt" (måltid)  
er det "laüsbeitt" - mjukt gras - kan eg  
brüke ljæn ein halv dag, når eg brüka  
karborandüm bryne.

7. Det handte för at sume brukte eit  
groot bryne först og so ei finare hein,  
men det var vanskeleg å ha med seg  
2 stykker - og det er no avlagt.  
Koko trebryne eller liknande hev ikkje  
voret brüka her i bygdene det nokkon  
veit om.

8. Ljæn sitter fast i voret, når vi  
sliper. För bandt vi ljæn til overt  
med ei "tåg" av björkarot. Rota delte  
me pålängs og kunne soleis binne fast  
tvo ljær med ei tog. No brukis beve  
ein hesjestreng å binne ljæn fast med  
leggen vennes mot den som sliper.

9. Er besvaret under punkt 1.  
Her brukis 3 slaks orv: stultorv, krok-  
orv og fangorv. Det er forskjell på ÷

bryning eller kvæting av stuttorv og dei andre arv. Krokorr og fangorr settes ned på bakken og støttes på den mårte. Stuttorvet er so kort - berre ca. 60 cm. Derfor legg mann stuttorv-ljåen ned på eine knekt og bryner ein gong på kvar side. På stuttorvet er ikkje nabo- bar å halde på. Man griper om det litle arvet med høgre hand og huggur med raske hugg til grasen. Stuttorv- ljåen brukes berre i fjørgarden og der det er ur med langt gras.



10. Kappen som brynet blir boret i når mann gjeng på slåtteteigen kallast brynstokk. Låme kaller den bryndal. Dei er laga av ein tithola treklubbe, med ein krok i øvre enden at henge på beltet og bæres på baksiden. Frør var brynstokken stor og romslig og tok også ein del vatn, som vert kalla brynstokkvatn. Tiden me byrja bruke karborandum bryne er brynstokkane nokko mindre og helst av jarnblikk.

11. Det gjeng ei gamal segn om at dei bruke keihorn å bære brynet i. Men korleis dei laga hornet til veit eg ikkje - helst som dei laga ei hornskei.

12. Det er ein liten jærnkempe i øvre kant på brynstokken og hanger den på beltet og beres rett bak.

13. Man hev vatn i brynstokken so brynet vert fuktig. Her man ikkje vatn so spyttar ein på brynet eller stryker brynet i doggen på marka. Både naturstein og kunststein må helst vere fuktig skal ljæn kvasses godt.

14. Man kallar det mjølet som vert når man sliper og kvater for "gær" "slipsteingær" og "bryngær".

15. Gæret vert ikkje no bruka til midde mat ringorm.

16. Gæret vert ikkje no for lida bruka i nokkot sjukdomstilfelle. Isopall er det lange sidan.

17. Der gjeng ikkje segn om at brynet vert betre ved å liggja i måvteva eller jorda. Men for "linne"-blåte-ljær hardes ved å liggje ute ein vinter so dei rista.

18. Der finnes ikkje her nokkor segn om at brynet taler.

19. Ein segjer ikkje nokkot når ein spættar på brynet, men i gamle dagar la dei på ein bannrenning når dei hogde ljæn stykt bortt ein stein, når dei gjekk å slog.

20. Her hev ikkje vort brüka nok.  
kor remse eller rim när ein gjeng  
og slær.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

315